

Kyrhovden velforening
v/leiar Karstein Mangersnes
Kyrhovden 30
5936 Manger

Radøy Kommune
Teknisk drift v/ Einar Færø

Haster med å få
gjort noko med
Slaghol i vegbana.
Bilar vert skada,
dass

Manger 02.januar 2018

Etterlyser svar på brev sendt våren 2017 vedr. Trafikktryggleik , arealbruk etc. i Kyrhovden bustadfelt

Trafikksikring:

Styret i velforeninga får ofte spørsmål frå bebuarar kva som hender vidare i denne saka. Styret etterlyser difor svar på brev fra april 2017. Ettersom det kom fram i dykkar e-post frå 18.05.2016 at Kyrhovden ikkje er blant vegane som er prioritert i gjeldane trafikksikringsplan er det bra å sjå at noko likevel er gjort.

Me har registrert at det har kome opp skilt som skal styra trafikken med bringing og henting av skuleborn over til rundkjøringa på sørsida mot Grønålen. Dette har nok ført til at trafikken med henting og bringing morgon og ettermiddag har også betra seg ein del sjølv om det har kome nokre tilbakemeldingar at det enkelte dagar igjen aukar på med bilar. Det same gjeld også når det gjeld parkering i skuletida.

Dette syner at dette er ei sak som regelmessig må kommuniserast ut til foreldre og lærarar. Me trur at det er viktig at skulen og FAU vert involvert for å følgja opp denne saka.

Det er mange born frå Urhaugen/Mangerøy som går til fots eller sykklar til og frå skulen. Velforeninga er svært opptatt av at desse skuleborna skal ha ein trafikksikker veg gjennom bustadfeltet vårt. Dette er også eit av hovudmåla i kommunen sin trafikksikringsplan. Difor er det litt vanskeleg for oss å skjønna at det er uaktuelt med fysiske sikringstiltak som fartsdump i Kyrhovden slik det er andre tilsvarande stader.

Generelt vedlikehald:

- Det er eit stort slaghol i vegbana like ved innkjøringa til nr.21. (e-post sendt 12.november 2017)
- Den skeive lysmasta ved skulen framleis ikkje gjort noko med. (Har vore på sakslista sidan 2009)
- Gangvegar: Det er 3 gangvegar i bustadfeltet som går gjennom leik og offentleg område. Desse er også mykje nytta av lærarar og elevar. Fint om kommunen kan hjelpa velforeninga med vedlikehald av desse.

Velforeninga i Kyrhovden trur at ei felles befaring i området kan vera nyttig. I tillegg til det som alt er nemnt i brevet kan me då også sjå litt noko av det som har vore på sakslista tidlegare.

- Tilfylling av grøftekantar
- Gjerde ved Urlekleiva
- Parkeringsplasser
- Inngjerding av leikeområde.

Venleg helsing



Karstein Mangersnes

Styreleiar

Vedlegg:

Brev til Radøy kommune sendt 28.04.2017

Brev frå Radøy kommune frå 14.04.2015

Møteprotokoll teknisk styre 1997

Kopi til:

Manger skule

FAU v/Manger skule

Kyrhovden velforening
v/leiar Karstein Mangersnes
Kyrhovden 30
5936 Manger

Radøy Kommune
Teknisk drift v/ Einar Færø

Manger 28.04.2017

Kyrhovden - Trafikktryggleik , arealbruk etc.

Det har no gått eit år sidan du gjennom e-post bekrefta til velforeninga at Kyrhovden ikkje var prioritert i forhold til trafikksikring og at ikkje noko vert gjort førebels.

Tilbakemeldinga frå bebuarane i bustadfeltet gjennom siste skuleår syner diverre at tilhøva vedr. trafikktryggleiken slett ikkje har betra seg. Bebuarar har gjennom vinteren også vore vitne til enkelthendingar der det berre er flaks at ein ikkje har fått alvorleg personskade. Det er særleg i tida då det er levering og henting av skuleborn at trafikksituasjonen er kaotisk og uoversikteleg. Dette har sjølvst sagt også samanheng med at det jamnleg står svært mange bilar parkert i området, både på tilrettelagd parkeringsplass og langs vegen. Talet kan variere litt, men der er sjeldan mindre enn 12-14 bilar. Dei fleste av desse tilhøyrer skulen. Er det spesielle arrangement på skulen er heile Kyrhovden fylt opp med bilar. Me kan heller ikkje sjå at den oppgraderte rundkjøringa og parkeringsplassane i sør har betra trafikktilhøva i Kyrhovden.

Velforeninga meiner det er viktig å gje denne tilbakemeldinga til Radøy Kommune. Noko forslag til løysing vil vi ikkje koma med no, men viser til tidlegare korrespondanse og kommunen sine eigne vedtak som vart gjort alt i 1997 samt reguleringsføresegnene vedr. trafikkføre mål som er innlemma reguleringsplanen.

Til orientering er den mykje omsnakka lysmasta ved skulen framleis ikkje gjort noko med.

Velforeninga i Kyrhovden vonar sjølvst sagt på ei løysing i saka og trur at ei felles befarung kan vera nyttig for å koma vidare. Vonar at teknisk drift i nær framtid kan setja av tid til dette.

Venleg helsing

Karstein Mangersnes
leiar.



Kyrhovden velforening
Rut Alise Kongevold

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/626 - 15/4099

Saksbehandlar:
Einar Færø
einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:
14.04.2015

Kyrhovden - fartsdumpar - etterlysing av tilbakemelding

Me viser til dykkar mail.

Tiltak i form av fartsdumpar er noko kommunen gjennom mange år har vore restriktiv til. Dette har samanheng med kostnader, men det er også på bakgrunn av ei vurdering i høve til dei ulempene som naturleg følgjer med. Me tenkjer då på mellom anna yrkessjåførar, brøytemannskap og andre som utfører nødvendige tenester til brukarane av vegen. Det vert også gjort vurderingar i høve til dei fartsbestemmelsane som gjeld for dei enkelte strekka/områda, og kva aktivitetar som går føre seg. Slik som barnehagar, skular osb.

For Kyrhovden er fartsgrensa sett til 30 km/t. Dette i seg sjølv burde normalt vera nok til at «råkøyning» ikkje førekom. Men dette skjønar me ikkje er dykkar erfaring med situasjonen i Kyrhovden. Me vil likevel ikkje no gå inn med tiltak i form av fartsdump. Dette grunna skilting med låg fart, men også grunna erfaring av at «råkøyning» ofte skjer som forbigåande men uheldige handlingar.

Når det gjeld trafiksikring knytt til skulen er det no under arbeid å få laga ein betre tilkomst for levering og henting av barn på sørsida. Det fysiske arbeidet vil truleg starta opp til hausten. Dette vil venteleg føre til at levering til nordsida av skulen (ved Kyrhovden) vert mindre aktuelt. Dette er slik skulen også har eit sterkt ynskje om å få til.

Når det gjeld skeiv lysmast skal me varsle denne inn til Bkk på nytt.

Med helsing

Einar Færø
leiar teknisk drift

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kyrhovden velforening

UTSKRIFT AV MØTEBOKA

for **TEKNISK STYRE RADØY KOMMUNE**

i møte den **18. 06. 1997.**

87/97 TRAFIKKSIKRING OG PARKERING VED MANGER SKULE

I samsvar med planar utarbeidd i samarbeid med konsulent og skulen er det lagt opp til snuplass for minibuss og foreldre samt 10 parkeringsplassar ved krysset i Grønålen. Vidare er det planlagt parkering for 10-12 bilar (tilsette) på baksida av skulen i Kyrhovden. Det vil og verta betre trafikkisikring og skilting ved skulen. Desse planane vil avhjelpa den mest akutte trong for parkering og snuplass. Det er lagt opp til at arbeida vert gjort samstundes som utearealet ved skulen vert ombygd i sumar.

Det er kome 2 uttaler til planane frå Kyrhovden vel, den første datert 23. april og den siste 13. mai, sjå vedlegg. Den første godkjenner desse planane på visse vilkår, ønske om skilt, fartsdumper, rekkverk og bedre brøyting.

Den siste uttale opphever første godkjenning. Den var gjeve utan at alle hadde fått seia meninga si. Grunnen til at dei ikkje ønskjer parkering i feltet er:

- for mykje trafikk
- trafikktryggleiken for borna i feltet vert svekka
- dei mister gjesteparkeringa si
- dei ønskjer å få tilplanta og stelt brakkområdet bak skulen

Det vert i tillegg peika på at mange foreldre kjører opp i feltet på morgonen og leverer barna sine. Då vert det kaotiske tilstander. Dei ønskjer tilbakemelding på dette.

Teknisk sjef sine merknader:

Trong for å løysa parkeringsproblema ved Manger skule er akutt. Situasjonen vert verre til hausten. Då vert det fleire lærarar og elevar. Då kan det ikkje parkerast ved gamle skulen. Det er trong for 15-18 parkeringsplassar. Dersom kommunen skal fjerne parkeringa på Kyrhovden vert det trong for 5-10 plassar andre stader. Det er ikkje ønskjeleg å taka frå leikeareala. Heller ikkje vil det fungera godt å påleggja lærarar å parkere ved Rådhuset. I Manger senter er det for lite parkeringsplassar, så det er heller ikkje eit alternativ.

Eg vil rå til at det vert opparbeid parkeringsplassar bak skulen på Kyrhovden som planlagt. Vegen fram er offentleg og det er vanskeleg å nekte einskilte grupper å nytta vegen. Då er det betre å leggja tilhøva til rette slik at ulempene vert minst mogeleg. Av den grunn vil eg rå til at området vert opparbeidd med 10 parkeringsplassar. Vidare må vilkåra vera:

- plassane vert reservert tilsette Manger skule på dagtid

- det vert bygd 1 stk fartsdump
- det vert sett opp rekkverk langs vegen tvers for skulen
- foreldra som har barn i skulen må tilskrivast om at når rundkjøringa i Grønålen er ferdig må alle levera barna sine der.
- brøytinga og strøinga må verta betre

Grunnen til at eg meiner dette kan forsvarast er:

- Lærarane sine bilar er vekke etter kl 16.00
- Gjesteparkeringa er det trong for etter denne tid (vanlegvis)
- Det er fleire gjesteparkingsplassar i tillegg tvers over vegen
- Det er betre dette området vert nytta enn at parkering vert teke av leikearealet

Teknisk sjef sitt framlegg til vedtak:

Planar for å løysa trafikkproblema ved Manger skule vert løyst i samsvar dette:

- Snuplass for minibuss og 4 + 6 parkeringsplassar ved Grønålen inkl fortau, skilt og 2 veglys
- **Parkeringsplass for inntil 10 bilar på Kyrhovden og tilordning av terreng**
- **Gjerde mellom skule og parkering**
- **Rekkverk på vegskråninga ut mot Urlekleiva**
- **1 stk fartsdump ved Skutle**
- **Skilt med: "barn leikar" kan setjast opp**
- **Foreldra til barna i skulen må tilskrivast til hausten med krav om at barna skal leverast ved Grønålkrysset**

Vedtaket kan ankast til kommunestyret.

VEDTAK.

Teknisk styre gjorde samrøystes vedtak i samsvar med tilråding.

Ein gjer merksam på at teknisk styre sitt vedtak kan påklagast til kommunestyret. jmr.kommunelova § 28 andre ledd.

Eventuell klage som må vera grunngjeven, vert å stila til kommunestyret men skal sendast gjennom teknisk styre.

Klagefrist er 3 veker etter motteken melding om vedtaket.

Jfr. forvaltningslova §§ 28,29,30,31 og 32.

Manger 01. juli 1997.

Tove Sylta
Tove Sylta
e.f.

Går til Radøy skulekontor, her

Kopi til Manger skule, her

Kopi til Kyrhovden velforening, v/Olav Baug, 5120 Manger